


DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd



KKD
v/ Thom Rafoss
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 12/1/2003

Vår ref.: 03/374-2 EW

Dykkar ref.:

Høyring - Ny tenesteordning for prostar og kyrkjelydsprestar

Møre Bispedømeråd har drøfta framlegget til ny tenesteordning for prostar og kyrkjelydsprestar og vil kome med følgjande uttale:

Møre Bispedømeråd vil først kommentere at i høve til oppsett møteplan for bispedømerådet, har fristen for høyringsuttalen vore i knappaste laget. Det har ikkje vore rom for å gå djupt inn i framlegga til nye tenesteordningar. Bispedømerådet vil difor konsentrere sin uttale om einskilde punkt som vi vil gje respons på.

Bispedømerådet ser på endringane i tenesteordninga for kyrkjelydsprestar som ein naturleg konsekvens av endringa i tenesteordning for prostar. Vi vil difor i hovudsak kome med merknader til denne tenesteordninga.

Prosten som leiar for prestetenesta:

1. Møre Bispedømeråd ser på framlegget til ny tenesteordning for prostar som ei god og tenleg ordning innafor gjeldande kyrkjeordning. Endringane i tenesteordninga vil styrke prosten sitt leiaransvar og legge til rette for ei betre leining av prestetenesta. Dette kan gje eit betre grunnlag for å kunne bruke prestane på best mogeleg måte både for kvar einskild prest og for kyrkjelydane. Auka samarbeid og teamarbeid blir ein viktig føresetnad for å kunne nå dei måla som er sett for kyrkja både sentralt og i det einskilde bispedømet. Det er positivt at § 2 forpliktar prosten - og dermed også prestane - på dei mål og strategiar som gjeld for kyrkja. Dette vil ha konsekvensar for heile presteskapet og råda og bidra til at embete og råd har same forståing av kva som er verksemda sine mål og strategiar.

Prosten må ha tid til å vere leiar. Det er difor viktig at han/ho ikkje har ansvar som sokneprest med alle dei oppgåver det fører med seg. Tenesteordning for prostar ser ut til å ta høgde for dette. Vi finn det difor uheldig at det står "sokneprest som også er prost utnevnes av Kongen," i § 4 i tenesteordning for kyrkjelydsprestar.

Møre bispedømeråd vil også peike på at det er viktig at prosten har deler av tenesta si som kyrkjelydsprest i ein lokal kyrkjelyd.

Arbeidsgivars styringsrett

2. Bispedømerådet noterer at det ikkje er sagt noko klart om kva type leiar prosten er. Vi ser det som avgjerande viktig at kyrkja får åndelege leiarar som har evne og gåve til å inspirere og utruste "alle dei heilage" til teneste. Vi treng også leiarar som har andre nådegåver. Vi reknar med at diskusjonane om leiarroller i kyrkja går vidare i samband med reformarbeidet i kyrkja. I denne runden vil vi kommentere at når det står at prosten " ivaretar arbeidsgivers styringsrett" (§3) kan det vere behov for felles kompetanseutvikling innafor områda leiging og gjeldande regelverk. Det må vere klare liner mellom biskopen sitt arbeidsgivaransvar og bispedømerådet sitt ansvar i høve til arbeidsgivaroppgåver, økonomi og planarbeid. Møre bispedømeråd etterspør også større tydelegheit på kva som ligg i biskopens tilsynsansvar i

høve til biskopens arbeidsgivaransvar. Det bør også kome klårare fram i tenesteordninga for prostar at dei som biskopens representant har det same tilsynsansvaret som biskopen. Vi stiller også spørsmål ved korleis prosten kan handtere arbeidsgivars styringsrett i konfliktsituasjonar som oppstår mellom prost og fellestilsatte dersom han sit som medlem i kyrkjeleg fellestilsatt.

Tenestedistrikt:

3. Det er eit stort framsteg at prosten i den nye ordninga får ansvar for å leie prestetenesta i sitt prosti. Det er positivt at prestane får eit større tenestedistrikt enn prestegjeldet. Prostiet kan vere ei naturleg eining å halde seg til når ein skal utnytte ressursane godt og ta omsyn til prestane sin rett til ferie og fritid. Men prostia er ikkje alltid passande arbeidsområde. Det er difor positivt at eit tenleg arbeidsområde kan fastsetjast gjennom arbeidsavtale. Det er også positivt at prestane framleis i hovudsak vil vere knytt til faste kyrkjelydar. Bispedømerådet ser på det som ei føresetnad for prestetenesta at presten har sitt hovudansvar i høve til ein avgrensa kyrkjelyd.

Dette bør kome tydelegare fram i § 9 i tenesteordning for kyrkjelydsprestar.

Krav til prestetenesta:

4. § 4 i tenesteordning for prostar og § 2 for kyrkjelydsprestar er dei paragrafane som seier mest om kva det vil seie å vere prest i Den norske kyrkja. Etter vår oppfatning kjem det for lite fram at målet for presten sitt virke er å fremje det åndelege livet i kyrkja, ikkje først og fremst å utføre definerte kyrkjelege handlingar. Vi finn det difor utilfredsstillande dersom tenesteordninga kan forståast slik at ein prest kan rekne med å ha gjort jobben sin dersom han har utført pliktene sine etter tenesteordninga §2. Etter vår forståing av ein prest si gjerning, må det også takast omsyn til om presten ved sitt arbeid og sin veremåte fremjar gode stabs- og kollegafellesskap og har evne og vilje til å samarbeide med andre tilsette, frivillige og rådsorgan. Bispedømerådet syner til det som står om plikt til samarbeid i tenesteordning for dei andre vigsla stillingane i kyrkja. Dette bør også kome fram i prestane si tenesteordning.

Med tanke på den korte tidsfristen som er sett for å gjennomføre desse nye tenesteordningane, ser Møre bispedømeråd det som positivt at iverksettinga av dei nye ordninga kan styrast lokalt i kvart bispedømme.

Møre bispedømeråd reknar med at ressursar til å gjennomføre desse tenesteordningane blir sikra av departementet.

Vi sluttar oss elles til framlegga til nye tenesteordningar for prostar og kyrkjelydsprestar og ser fram til større fleksibilitet og mangfald i kyrkja.

Med helsing

Ester Walgermo
Ester Walgermo
stiftsdirektør
Dir. innval: